



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

NVE –Konsesjonsavdelingen,
Postboks 5091 Majorstua,
Oslo 1.

Dato: 20.03.2015

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Friluftsrådet Ålesund og Omland, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonene mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Fråsegn knytt til småkraftpakken for Rauma / Nesset.


Vi viser til dei 12 (11) søknadene om småkraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftliner i Nesset/Rauma med høyringsfrist 20.03.2015. 9 (8) av desse søknadene ligg i Rauma kommune og 3 ligg i Nesset kommune.

Dette er ein uttale som er diskutert med Norges Jeger og Fiskerforening Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Molde og Romsdal Turistforening og Naturvernforbundet i Møre og Romsdal (fylkeslag og lokallag i Rauma).

Etter Altautbygginga sa Gro; «ALDRI MER ALTA». Dette stemmer ikkje for no kjem søknadene om utbygging av småelvene i landet. Og søknadene kjem i form av kraftpakker. No kjem den tredje kraftpakka i fylket vårt som treff Nesset og Rauma kommunar. Slik vi har forstått NVE ønskjer dei å høyre folket i;

- Kva meiner folket om tiltaket ?
- Er konsekvensane godt nok utreda ?
- Forslag til justeringar av planane for å redusere dei negative verknader av tiltaket

Dei natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonane i Møre og Romsdal har i kraftutbyggingar vald å gje ein uttale sjølv om vi ser at einskilde av prosjekta ikkje kan vere rekningssvarande og at nettilgangen manglar eller er avgrensa. Vi har studert søknadene så godt vi kan og var til stades på folkemøtet på Åndalsnes 3 feb. 2015. For å få til ein større



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

medverknad i høyringa har vi bede både NVE og Nesset kommune om å arrangere eige informasjonsmøte i Eresfjord. Denne førespurnaden førte ikkje fram.

Vi vil prøve å verdsette naturen og folks oppleving av naturen og vege desse opp mot samfunnets behov for kraft. Då har vi naturen til våre barnebarns barn i tankane, og vi tør då å meine noko om kor mykje meir av vassdragsnaturen vår generasjon kan ta for seg av.

Vi har laga dette brevet slik at først tek vi opp nokre moment av generell karakter som ligg til grunn for tilrådingane. Til slutt vil vi ta for oss kvar av konsesjonssøknadane.

1. Høyringsfrist i høve til alle søknadene.

I pakken som ligg ute på høyring ligg 12 vasskraftprosjekt samt koblingsanlegg og liner med høyringsfrist 20 mars 2015. Utsendingsbrevet er stempla 19 des. 2014.

Vi vil våge den påstanden at dette er ein alt for kort frist i høve til omfanget av dei søknadene som ligg til vurdering. Vi må i større grad enn før sette lit til kvaliteten på dei biologiske rapportane. Miljøfagleg Utredning sin rapport til OED i 2008 (Gaarder & Melby) peikar på at ikkje alle rapportar held mål, og vi er redd dette kan vere tilfelle framleis. Det seier seg sjølv av ved så mange søknader har dette ført til auka saksmengd som vi diverre trur ikkje har ført til auka kvalitet på sakshandsaminga.


Den kommunale sakshandsaminga kan lett bli summarisk når vi kjenner til arbeidspresset i administrasjonen, - og at nokre kommunar, manglar natur og miljøfagleg kompetanse. Sakene vert då presentert politikaane utan den faglege saksutgreiinga dei hadde fortent.

Hadde pakkane vore på om lag fem hadde det vore overkommeleg, men denne er altså på 12. **På dette grunnlaget forventar vi at NVE legg meir vekt på «føre-var» prinsippet enn om eit- og eit tiltak var ute på høyring.**

2. Om vurdering av samla belastning.

Det gode med pakkehandsaminga er at det i større grad vert mogleg å vurdere den samla belastninga tiltaka vil ha i sitt område. 12 kraftverk med tilkomstvegar, røyrtrasear og nye kraft-liner-kablar er eit stort arealinngrep i eit område som allereie er kjent på nasjonalt nivå som eit område som har svært mange kraftverk.

Utbyggingane i Grøvdalen og Dalsbygda burde vore vurdert i ei eiga vurdering opp mot samla belastning på fjellandskapet vest i Dovrefjell (Sandgrovbott-Grøttavatnet-Mardalsbott). Dei tilsaman 5 søknadene burde vore sett i samanheng med den store utbyggingen ved Grytten-anlegget. Vi krev at desse utbyggingane i Grøvdalen og Dalsbygda vert vurdert i samanheng med dei andre i fjellområda. Dette knytt til intensjonane i «Retningsliner for små vannkraftverk – til bruk for utarbeidelse av regionale planer og i NVEs konsesjonsbehandling»: «...Sumvirkninger kan defineres som de samlede konsekvenser av flere små vannkraftanlegg innenfor et geografisk avgrenset område ..» (OED 2007).



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

3. Om biologisk mangfold.

I dei 12 tiltaksområda i pakken er der få funn av høgt graderte (CR, EN) raudlisteartar, men fleire med lågare status (NT, VU) og artar som har sårbare bestandar sjølv om dei er tatt ut av raudlista. Vi tenkjer på artar som strandsnipe (NT), fossekall, fleire hakkespettartar og oter (VU). Fleire av desse har no robuste lokalitetar i regionen, men om 12 nye elvar vert regulert kan det få utilsikta konsekvensar. Ein art treng eit reserverevir i nærleiken ved naturlege variasjonar i populasjon eller press på lokaliteten som vi ikkje kan sjå i dag. Dei treng ein «beredskaps- buffer». Om ikkje vert dei snart raudlista. Dette stiller krav til føre- var- tenking ved «pakke-handsaming». I dei seinare åra har det vorte meir fokus på fossesprøytsoner og bekkekløfter. Vassdrag med desse naturtypene er også svært attraktive mhp småkraftverk på grunn av at fallet er godt. Sjølv små endringar i vassføring kan resultere i at artane forsvinn. Fossesprøytsoner er definert som ein viktig naturtype etter DN-handbok nr 13, og skal difor vere kartlagt gjennom dei kommunale naturtypekartleggingane. Imidlertid er langt frå alle førekomstar kartlagt, særleg ikkje i utilgjengelige område som vi har fleire av blant dei 12 omsøkte her.

4. Om kunnskapsgrunnlaget.

I mange søknader er tilsette i kraftlaget og / eller søkjaren sjølv (eller kjelder manglar) gitt opp som kjelde til kunnskap om fiskebestand, om dyr og planter, om friluftsliv og tidlegare bruk av området. I små bygdelag har dei fleste relasjonar til nokon med kommersielle interesser av ei kraftutbygging. Vi les i fleire av rapportane at ein seier at det ikkje er anadrom fisk på strekninga og at vandringshinder er ukjent. Vi meiner at ein veit ofte betre lokalt og at vi som ser elva utanfrå kan med vår erfaring frå liknande elver, sjå kor laksen/sjøauren høgst sannsynleg stoppar. Om vandringsstopp for anadrome fisk er usikker, må føre-var prinsippet vere styrande her også knytt til intensjonane som ligg til Naturmangfaldlova. Vi håper NVE ser utfordringa og utøver kjeldekritikk og sett objektive vurderingar i høgsetet.

Det har vore mange småkraftutbyggingar i regionen dei siste 15 åra. For dei fleste har argumentet om «ny giv for lokalsamfunnet», bygdeutvikling, trygging av jordbruksnæringa, auka skatteinnngong til kommunen og busetjinga vore tunge argument. Påstanden;» Tiltaket vil få stor positiv verknad for lokalmiljø (inntekter, busetnad og framtid for bygda).» blir brukt til stadigheit. Vi saknar meir gransking på om dette har slått til. Har inntektene frå dei små kraftverka skapt vekst og trivsel? Det vi kjenner til er rapporten frå Høgskulen i S.& Fjordane «Småkraft og regionaløkonomisk vekst» (Idsø 2012), som peikar på ein sterk kapitallekkasje ut frå distriktet når utbygginga vert gjort i regi av eit eksternt selskap. Kva har skjedd i Nesset og Rauma ? Har kraftutbygging stoppa utflyttinga frå utkantane og kor er flyten av ressursane når hovuddelen av areala blir eigd av folk som ikkje bur i bygda meir og når kraftverka blir eigd av folk langt utanom kommunen. Her trengs meir kunnskap. Vi trur nok at lokalargumentet knytt til kraftutbygging er mykje lik oppdrettsnæringa i landet som også starta med tilleggsnæring til kystbonden, og som fort kom ut på den frie marknaden.

Ny dokumentasjon om opplevingsverdien ved vann og vassdrag bør vege tungt ved konsesjonsvurderingane. Dette er gamal kunnskap, men no kan vi vise til NVE rapporten i serien Miljøbasert vannføring 4- 2009 «Hvor viktig er vann og vassføring for friluftsliv?» Konklusjonen er at vatn blir verdsatt veldig høgt som kjelde til naturoppleving og



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

opplevingsaktiviteter. Og « egen kunnskap om at et vassdrag er utbygd påvirker opplevelsen negativt».

NVE Rapport nr. 2- 2010 peikar og på at fagkunnskap / utgreiingar og manglar når det gjeld friluftsliv, estetikk, landskapselement og kulturverdiar knytt til vassdraga. Til no er det konsesjonssøkjjar som skildrar konsekvensane. «Det bør likevel vurderast om NVE skal stille krav til bruk av fagkompetanse på området i søknadsfasen.» «I dag er de største utredningskravene for vannkraftverk knyttet til konsekvenser for biologisk mangfold, mens andre tema har lavere prioritet. I en konsesjonsbehandling og konsesjonspliktavurdering skal man imidlertid vurdere om inngrepet fører til ulemper for ”allmenne interesser”. I dette begrepet ligg det vesentleg fleire tema. Myndighetene bør derfor vurdere om det ikke er fornuftig å stille strengare utredningskrav også til tema som landskap og friluftsliv, som lokalsamfunnet gjerne er meir opptekne av. Det vil også trolig bli en betre og mer uhilda vurdering av konsekvensene på disse miljøtemaene om vurderingene blir vurdert objektivt av andre enn tiltakshavar selv» (sitat NVE Rapport 2-2010.) Fagfolk, kunnskap og forskning på desse fagfeltene finst og vi ser fram til at kunnskapsgrunnlaget skal utvidast og forsterkast. Når kunnskapsgrunnlaget på desse tema er svakt for desse 12 tiltaka, set det desto større krav til «føre- var» tenking.

Når det gjeld kunnskap om vassdraget sin verdi som identitetsskapande element, som lokalhistorisk og kulturell kjelde er det ingen kvantifiserbar dokumentasjon på. Men kunnskapen finst, og han er viktig. NVE må vere vare for ytringane som kjem fram om desse verdiane. Vassdragsvern er kulturvern.

5. Vassdirektivet.


Arbeidet med å nå Vassdirektivet sine miljømål innan 2021 er i startfasen, og alle elvar og anna overflatevatn er omfatta av vassforskrifta sine miljømål. Møre og Romsdal vassregion har hatt «Vesentlege vassforvaltningsspørsmål» ute på høyring. Det blir her vist til forvaltningsmessige utfordringar i vassforvaltningsarbeidet som det er viktig å forbetre:

- Koordinering av sektormyndigheiter
- Manglande deltaking/ressursar i vassområda
- Politisk synleggjering
- Implementere vassforskrifta i den daglege saksbehandlinga til sektormyndigheiter og kommunar
- Medverknad frå interessentar og brukarorganisasjonar

Hensikta med forvaltningsplana er å gi ei oversikteleg framstilling av korleis ein ønskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i vassregionen i eit langsiktig perspektiv.

Plana fastset miljømål for elver, bekkar, innsjøar, grunnvatn og kystvann frå høgste fjellvatn til ei nautisk mil utanfor grunnlinja. Plana er sektorovergripande og skal bidra til å styre og samordne vassforvaltning og arealbruk på tvers av kommune- og fylkesgrenser.

I høyringsdokumentet vert vasskraftproduksjon trekt fram som ei av dei store utfordringane.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

«Jfr. Vassføreskrifta § 4 skal vassførekomstane ha minst god økologisk tilstand. Dei fleste vassførekomstane i Møre og Romsdal har godt vassmiljø, og i desse er det vesentleg at tilstanden blir oppretthalden. I vatn kor miljøtilstanden er dårlegare enn god må det settast inn tiltak i planperioden 2016 – 2020 for å betre tilstanden, ...» (sitat Vesentlege vassforvaltningsspørsmål, M.& R. vassregion 2012. kap.10.1). For vassdrag i god eller svært god tilstand kan eit avslag om småkraftutbygging vere eit nødvendig førebyggjande tiltak for å nå miljømåla i 2021. (sjå Vesentlege v. kap.5.1 Standard miljømål).

6. Kraftproduksjon og linjenett.


For fleire av dei omsøkte prosjekta er det ikkje klare planer for korleis meir kraft skal førast ut av området. For fleire ligg det føre fleire alternativ. Det kan ikkje vere slik at eit naturinngrep vert gjort utan at kraftverket kan setjast i full drift. Dette har vi sett eksempel på (Urke, Trandal). Vert det først utbygging, så må energien nyttast best mogleg. Om ikkje, vert konsesjonsmyndigheita sine avvegingar av samfunnsnytte mot ulemper gjort på feil grunnlag. Det kan heller ikkje vere slik at nye tiltak må gjerest for å gje økonomisk grunnlag for forsterka infrastruktur for dei allereie utbygde kraftverka.

Kostnadene ved utbyggingane i søknadene er gjeve på ulike måtar knytt til totalkostnad eller pris pr energieining. Det er verdt å merke seg at dette er berekningar utført av anleggssøkjaren. Ved direkte spørsmål til netteigar i Rauma kommune Rauma Energi (100 % eigd av Rauma kommune) på folkemøtet den 3 feb 2015 svarar dei at Rauma Energi enno ikkje har rekna på tilkoblingsutgiftene. Det betyr fort at kostnadene ved utbyggingane er eit estimat som fort beveger seg til å bli dyrare enn oppgjeve i søknadene.

For oss vert det feil å skilje naturinngrepet ved kraftverksutbygginga og dei andre naturinngrepa knytt til bygging av nye liner, trafoar og tilførselsvegar. Dette er ein klar mangel ved søknadene som NVE på beste måte må prøve å ta høgde for i si vurdering av kost/nytte-vurderingane ved søknadene.

Det som ligg i tida er å planleggje straumnettet i fleire land (Europa, TYNDP) som går over dei neste 10 år og nasjonalt (les Statnett sin nettutviklingsplan) for dei neste 20 år. Kanskje det no er på tide at ein også ser dette frå lokalplanet (kommune?) med ei lokal nettutviklingsplan? Samstundes meiner FNF at ei slik nettutviklingsplan må svare på om ikkje nokre kraftliner kunne vore unngått om vi støtta ENØK-tiltak i regionar med underskot i staden for å bruke pengane på kraftliner. Vilja til å betale nettleia hadde kanskje vore større om nettselskapa brukte pengane på å betale kundane for å spare energi i staden for å øydelegge natur. Det hadde både spart natur og pengar for folk flest. Tross alt gjekk jo over 1000 kvadratkilometer inngrepsfri natur tapt i perioden 2003-2008, der energisektoren aleine sto for 40 %.

Slik vi les det vil ikkje småkraftverk bøte på behova til den kraftkrevjande industrien eller mette den europeiske marknaden, men dei kan bidra til lokal forsyning av straum til eit varierende tal husstandar. Straumen blir i stor grad produsert vår/sommar/haust i småkraftverka. Det betyr at når kraftbehovet til oppvarming stig (dvs når temperaturen synk), har bekkar og småelvar lite vatn. Då må ein enten gå bort frå krav om minstevassføring eller



nøye seg med marginal produksjon. Vi tenkjer at sjølv om ein gjekk bort frå kravet om minstevassføring, er dei 12 omsøkte vassdraga marginale vassførande vinterstid og det vil difor berre vere teneleg å drive dei når det er monalege mengder vatn i vassdraga.


7. Om oppfølging av konsesjonsvilkår.

I NVE Raport 2- 2011 (Etterundersøkelser ved små kraftverk.) er det referert til 5 tilfeldig valde kraftverk som vart granska på oppfølging av konsesjonsvilkåra. «Undersøkelsen viste at de fleste brøt forutsetningene om minstevassføringsutslipp». .»Verken NVE eller kommunene fulgte opp kraftverkene etter at de var bygd. Prosjektet viser derfor at det er et stort forbedringspotensiale for saksbehandling og oppfølging av slike kraftverk, og prosjektet foreslår enkelte tiltak som kan vurderes».


I rapporten med eksempel frå Austefjorden på Sunnmøre vart det mellom anna peika på;

- Vegbygging som vart unødvendig eksponert.
- Overdimensjonert kjøreareal rundt kraftverket.
- Manglande opprydding.
- Vegetasjonsdekke som ikkje var sett i stand i tråd med plana
- «Konsesjonssøknaden gir ikkje et representativt bilde av landskapsvirkningene slik de ble etter utbyggingen.»
- «For lavt presisjonsnivå i beskrivelsen av forventede landskapsvirkninger.»
- «Istandsetting av røtraseen var ikke utført i tråd med beskrivelsen i detaljplanen».

Vi har diverre også erfaring frå nettopp denne regionen (Urke kraftverk og Dalegjerdet kraftverk, sjå bilder under) om større avvik mellom konsesjonsvilkåra og kva som vart faktisk bygd. Våre erfaringar lokalt samt NVE sine egne kontrollar (sjå ovanfor) gjer at vi er skeptisk til fleire kraftutbyggingar når vi ser avviket mellom kva som er godkjent og kva som blir resultatet. Manglande oppfølging av konsesjonsvilkåra av myndigheitene fører diverre til at natur- og friluftslivsinteressene taper mot utbyggingsinteressene.



Bilete frå tilkomstveggar (Urke og Dalegjerdet) som etter vårt syn ikkje er i samsvar med konsesjonsvilkåra, og der vi gjennom fleire år har etterlyst NVE si slutt- godkjenning.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

8. Tekniske alternativ.

Vi har sett Coanda inntak i drift. Det vert sagt at desse inntaka minskar tapet av fisk, larvar og smådyr i elva. Dei vil i større grad følgje elva nedstraums enn tradisjonelle inntak. Nokre er i drift i Norge, men i andre europeiske land er dei vanlegare. Dei skal og etter sigande gje lågare demningar, krevje mindre tilsyn og gje mindre behov for tilførselsvegar. Slik vi har forstått det, blir det no forska på effekten av coanda- teknologien ved universitetet i Bergen. Skal det byggast fleire småkraftverk må dei beste tekniske løysingane nyttast uansett kva teknologien heiter. Vi forutsett at konsesjonsmyndigheita til ei kvar tid krev at utbyggaren av kraftverk bruker den teknologien ved inntaket av vatnet som skadar naturen minst.

9. Å lage to elveosar

Vi registrerer at einskilte regulantar vil leggje turbinvatnet rett i sjøen utan å føre vatnet tilbake til elva og den naturlege elveosen. Noko av argumentasjonen knytt til dette blir kobla til påstanden om at elva ikkje har anadrom fisk eller ukjent vandringshinder. Vi veit at laks og sjøaure vendar tilbake til sin barndoms elv (og høl) og at dette er styrt av lukta av si eiga elv og egne genar. Når ein då tenkjer seg at ein tek brorparten av vatnet og fører det ut unna den naturlege elveosen, fører dette til feilvandring og skader for den oppvandrande fisk. Om det er slik at ein skulle tillate å etablere kraftverk i desse elvane er eit minimumskrav at ein fører tilbake vatnet til elveosen.

Elles er etablering av eit kraftverk i ei strandline sjeldan positiv for naturtypen fjordstrand/elveos. Særleg om dette er tenkt etablert på urørte strekningar. Det bør vere eit minimumskrav om ein i det heile tillet slike uheldige etableringar, at ein samlar inngrepa i strandlina.


11. Myr og ope landskap

Ved fleire av søknadene er det tenkt kryssing med vegar/rørtrasear på myr. Vi er veldig skeptisk til menneskelege inngrep i myr i det heile. Alle tilnærmingar til myr fører til dramatiske endringar av naturtypen og er oftast dødeleg for myra.

Ein del av søknadane tenkjer seg inngrep i det opne landskapet. Dette vere seg myrområder eller tørrare trelause delar ovanfor tregrensa. Inngrepa i slike opne landskap gir det største negative verknaden då det forureinar visuelt. Linene blir for rette og harmonerer ikkje med kaoset og mangfaldet i naturen.

12. Verna naturområder

Forum for natur og friluftsliv (FNF) i Hedmark, Oppland, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag skriv nett no ein uttale til høyringsutkastet til Regional plan for Dovrefjellsområdet. Planen som er til behandling no har to nye prinsipp. Det eine er nasjonalt villreinområde (NVO), det andre er buffersone (BS). I utgangspunktet bør ein leggje buffersoner på utsida av villreinområdet, ikkje innafor grensa for NVO. Det er også ein fare for at det ikkje vil bli gjort vurderingar etter naturmangfaldloven § 49, fordi ein kan forvente at den regionale planen nå peiker ut områder i form av buffersoner der slike vurderingar er nødvendig.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

§ 49. (utenforliggende virksomhet som kan medføre skade inn i et verneområde)


Kan virksomhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår. For annen virksomhet gjelder aktsomhetsplikten etter § 6.

Når ein ser på søknadene i denne kraftpakka at det er 6 av søknadene der ein har inntaket til kraftverket rett på utsida av vernegrensa.



Kart – søknader om kraftutbygging som ligg på vernegrensa

Ved sida av sjølve inntaka til kraftverk rett utanfor vernegrensa vil vegar, røytrasear og menneskelege inngrep kunne forstyrre rovvilt (spesielt rovfugl) og auke støyen i natuen. Det fins nok fleire tema også. Dette er tema som i denne regionale plana berre er utreia i villreinperspektiv, og følgeleg er heilt manglande på de andre tema. NVE vil difor måtte vurdere desse 6 søknadene som ligg på vernegrensa opp mot tankerekkene knytt til buffersone i den regionale plan for Dovrefjellområdet samt vurdere dei 6 søknadane opp mot § 49 i Naturmangfaldlova.




13. Anleggsveg

Knytt til kraftutbygging vil det bli laga anleggsveggar. Vi ser at enkelte søknader omtalar desse anleggsvegane som ATV-traseear. Kunnskapen om korleis lovverket er for bruk av motorisert ferdsel i utmark er diverre noko manglande i folket. Det er ein gong slik at når vegen er slik at du ikkje lenger greie å køyre ein vanleg bil, så krev det løyve etter lov om motorisert ferdsel i utmark. Vi ønskjer difor å lage ein bom der det blir bygd ein anleggsveg og at det blir opplyst at det er berre regulanten som har høve til å bruke vegen knytt til kraftverket.

14. Friluftsliv og folkehelse

I fleire av søknadene er friluftsliv knappast nemnd. I ei tid der reiselivsnæringa i sin iver etter fleire turistar og kommunane i sin iver etter auke folketal er jo nett tilgangen til urørt natur og friluftsliv «den største gulrota». Folkehelse er også eit nymotens ord og viktig temaord som ikkje (og i tilfelle lite) er omtala i søknadene. Det er ein gong slik at dei enkle turstiane langs vassdraga våre, som oftast ligg sentralt og er lett tilgjengeleg til, er dei mest brukte treningsapparata i kva som helst bygd i kongeriket vårt. Vi vil her vise til granskingar til Brevik (sjå under) som viser at nettopp turgåing er ein hovudaktivitet for det norske folk og som ikkje kan verdsettast nok i høve til folks helse.



Del av den vaksne befolkning som brukte ulike anleggstyper ein gong pr. veke eller oftare 1999-2009 (frå Brevik et.al. 2011).

Dette er også uttrykt i Møre og Romsdal fylke sin satsing mot betre folkehelse (i Handlingsplan for fysisk aktivitet 2013-2016) for «Alle innbyggjarane i Møre og Romsdal skal ha tilgang til turstiar, turvegar eller gangvegar minimum 500 meter frå der dei bur, og ha ein infrastruktur som gjer det attraktivt å gå eller sykle til barnehage, skule og arbeide.»

Vi meiner at folks bruk av vassdragsnaturen knytt til friluftsliv og folkehelse er underformidla. Vi ønskjer at ein søkjar blir vist til konkrete kartleggingsmetodar som viser den faktiske bruken av områda og då spesielt tett opp til elvane, som er dei mest attraktive



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

rekreasjonsområda. Offentlege myndigheiter kunne med fordel brukt prinsippa i metoden «barnetråkk» for å betre kartleggje og dokumentere folks bruk av elva og nærområda til elva. Alternativ (eller i tillegg), kan ein nytte metodane skissert i Miljødir. si handbok 25 – 2004; Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder, som legg opp til ein enkel og etterprøvar metode.

Desse fjorten fokusområda er bakteppet og gjev grunnlaget for våre vurderingar knytt til dei omsøkte konsesjonssøknadane:

RAUMA KOMMUNE

Skorgeelva kraftverk


Skorgedalen er mykje brukt både sommar og vinter knytt til rekreasjon og friluftsliv. Dette omfattar både hyttefolket samt ålmenta. I søknaden blir det nemnd DNT-hytta på Måsvassbu. Det er her naturleg å informere om at Molde og Romsdal Turistforening (MRT) har ei turistforeningshytte nærmare Skorgeelva enn Måsvassbu. MRT har nemleg også har ei turistforeningshytte i Skorgedalen på Fuglehaugen. Denne er så mykje nytta at det nett no skjer ein oppgradering og utviding av denne (sjå http://www.mrtur.no/article.php?ar_id=45823&fo_id=271). Det stemmer nok at dei fleste som skal opp i Skorgedalen dreg dit pr bil. Men for dei som går er gamlevegen (kjerrevegen) aust for elva samt stien vest for elva om Gamlesetra/Skorgehaugen, fine tilkomstar. Dessutan er stien frå sandtaket langs ryggen opp til Hegerholmssetra ein fin sti som kanskje gjev det mest spektakulære bildet over alpebyen Åndalsnes (sjå bilde under).

Dei djupe kulpane i Skorgeelva nedstrøms alpinanlegget er mykje nytta til bading sommarstid. Vi er litt usikker på kor langt ned desse er i høve til inntakspunkt for søknaden, men dette må vi sjå på under synfaringa til sommaren.

Det er ein del naturtyper langs Skorgeelva som tilseier at det kan vere litt av kvart langs denne elva. Det er mogleg vi kjem attende med noko her etter syfaring til sommaren.

Slik vi les søknaden, ligg utløpet frå det planlagte kraftverket på nedsida av vandringshinderet for laksefisk frå sjøen. Dette er ikkje tilrådeleg ut frå sjøaure- og laksebestanden i Skorgeelva.

Viss det blir sett vilkår om at utløpet blir flytta ovanfor vandringshinderet og at det blir sett ei minstevassføring, har vi ikkje vesentlege merknader til søknaden. Når det gjeld plassering av inntakspunktet så vil vi avvente kva vi meiner om dette til etter synfaringa. Det kan godt vere at vi kome attende til eit meir utfyllande synspunkt knytt til biologisk mangfald etter sommaren (synfaring).



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal



Åndalsnes sett frå Skorgedalen (Foto: Ruth Nygård)


Tverrberget kraftverk

Opprinneleg ville regulanten byggje ut både Saufonngrova og Glutra og ha inntaket innanfor verneområdet (dvs to kraftverk). Det seier mykje om dette prosjektet at desse to søknadene vart stoppa av eit administrativt vedtak av vernestyresmyndigheitene då det var i direkte strid med føresegnene i vernevedtaket. At det så blir moderert til eit kraftverk og utbygging av ei elv gjer ikkje noko i høve til at det blir eit stort inngrep i ein fantastisk naturverd.

Forslaget om regulering av Saufonngrova og Glutra har vakt reaksjonar og skapt stort engasjement langt utanfor Isfjorden og Rauma kommune. Det er lett å forstå. Dette er eit landskap som gjennom generasjonar har vore verdsatt og brukt på ulike vis; Frå beiting, jakt til klatring. Som landskapselement er fossestryka markerte og viktige å ta vare på etter at Grytten-utbygginga har teke sitt. Grytten-utbygging gjorde utbygginga og naturen her kjent med sin **Mardøla-aksjon**. No er begeret fult for inngrep i denne delen av Romsdalsnaturen.

Tiltaksområdet har eit uvanleg komprimert mangfald av naturtypar. Frå dyrka-marka i dalbotnen, gjennom frodig lauvskog, til snaufjell med alpin karakter. Vandringa gjennom dei ulike vekstoneane går på velbrukte stiar som saman med fleire restaurerte kulturminner fortel om brukar av området i notid og fortid (sjå <http://mrfylke.no/Morotur/Turar/Gluterholet>). Elva og fossestryka forsterkar opplevinga. For framtida vil dette vere eit viktig godt lesbart pedagogisk referanseområde med elvestreng, juv, bare berg og rik variasjon av vegetasjonstypar. **Dette er ein av perlene i Romsdalsnaturen.**

Stien opp Gluterholet på lik line med stien opp Saufonnholet, er innfallsporten til ein fjellheim som går frå sjøen og fjorden til sjølv Dovre. Etter den siste brauta opp Gluterholet ligg den første bua Gluterstaua og Grøttavassbu og innover fjellheimen ligg gamle herberge, fangstanlegg og bogasteller som vitner om folks bruk av denne naturen.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Uavhengig av tekniske løysingar og teknologi vil ei regulering av dette vassdraget vere eit overgrep i eit nærast heilagt landskapsrom. Ei kamuflert utbygning er like lite akseptabel som reguleringsplanane som gjekk ut på enno verre inngrep i både Gluterholet og Saufonnholet. Det blir ikkje likare av den grunn. Alle veit jo at kraftutbygging inneber irreversible inngrep som for all tid vil vere eit sår i landskapet.



Gluterholet (foto frå Romsdal.com)

Av omsyn til visuell eksponering, kulturverdiar, høgfjell, myr, skog, vasstreng, friluftsliv og samla belastning på naturen i Gluterholet må vi rå frå at ingen alternativ for regulering av dette vassdraget får konsesjon.

Ut frå landskapsomsyn, friluftsliv, biologisk mangfald og inngrep i uberørt natur rår vi til at Tverrberget kraftverk ikkje får konsesjon.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Smøråa kraftverk

Utbyggingsarealet vil bli liggande ovanfor tidlegare inngrep som massetak og granplantefelt. Det vil gripe inn i det inngrepsfrie naturområdet (INON) på ein negativ måte.

Kraftverksvegen opp til inntakspunktet vil grunna hellinga bli eit stort sår i landskapet. I søknaden blir det sagt at anleggsvegen på sikt vil gro til med stadeigen vegetasjon. Vår erfaring er diverre at med slik helling som her, vil ein slik anleggsveg aldri gro att og vil for alltid vere eit sår i naturen.

Smøråa, Grytåa og dei andre elvene/grovene som bekker seg nedover fjellsida frå Smørbotn og Grytåskaret utgjer eit handmønster av elver nedover fjellsida. Kombinasjonen av desse vasstrengane og fjellrekka attom, blant desse Smørbotstinden, Finnann, Kongen og Dronninga i Trollveggmassivet, gjer området heilt unik inne i Innfjorden. Smøråa er ein del av fjordlandskapet, opplevd og sett frå Romsdalsfjorden og frå fjellområda rundt. Den er eit av dei mest viktig landskapselement i området knytt til at det fangar blikket til alle.

Det blir sagt i søknaden at laks og sjøaure går opp til planlagt kraftstasjon Smøråa. Ut frå kartet og vår erfaring veit vi at som oftast går anadrom fisk lenger enn forventa, og vi trur difor at fisken går lenger enn planlagt kraftstasjon. Sjøauren er diverre i tilbakegang og gytebekkar og oppvekstbekkar som Smørå er vel så viktig som sjølve hovudelva (Innfjordselva) for bevaring av Innfjords-sjøauren. Vi er redd for at ukontrollert reduksjon i vassføring kan føre til dramatiske konsekvensar for sjøauren nedstraums kraftverket.

Overføringer av fleire bekker etter takrenne-prinsippet som er planlagt her, er teknisk utfordrande og ekstra skjemmande som sår i landskapet. Vegløyning vil truleg bli eit stort inngrep her.

Utbyggingen i Smøråa må vurderast i samanheng med den samla belastninga på landskapet i Innfjorden. Saman med Stokkelva kraftverk, Vikdalen kraftverk og Berild kraftverk vil desse kraftverka i Innfjorden utgjere ei stor utbygging av elvane i Innfjorden. Sett saman med dei andre utbyggingane langs Romsdalsfjorden vil utbygging av Smøråa vere ein alt for stor samla belastning for landskapet.

Ut frå landskapsomsyn, friluftsliv, biologisk mangfald og inngrep i uberørt natur rår vi til at Smøråa kraftverk ikkje får konsesjon.

Stokkelva kraftverk.

Stokkelva vil bli påverka av denne reguleringa ved at fossane og strykane vil bli temt og borte i store delar av året. Anadrom strekning er kort (50 meter ?) og det blir sagt at elva er for lita til å oppretthalde bestandar av laks og sjøaure. Eit tilfeldig prøvefiske med el.apparat (den 1 okt. 2008) er for lite grunnlag for å konkludere på dette. Når ein ser at det berre er om lag 1400 meter til munningen av Innfjordselva, er det naturleg å sjå Stokkelva i denne samanheng. Med andre ord kan det godt vere at oppretthalding av anadrom strekning i Stokkelva har positiv verknad på sjøaure- og laksebestanden i Innfjordselva. Vi meiner difor at kraftstasjonen i Stokkelva må flyttast så langt opp at den blir liggande ovanfor vandringshinderet for anadrom



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

fisk. Samsundes finn vi det rett å be om at utløpsvatnet frå kraftstasjonen blir slept i sjølve elva og ikkje ved sida av. Med omsyn til strandlina vil vi også be om at kraftstasjonen blir flytta til oppsida av riksvegen.

Stien frå Stokke opp til Hovdesetra er innfallsporten for dei som tek seg ein enkel fottur inn Setdalen eller fer til topps på Skjervan eller ein av dei andre toppane omkring.

I søknaden er det lagt opp til overføringar av fleire bekker etter takrenne-prinsippet. Vi er i utgangspunktet skeptisk til denne løysinga og finn det rett å vurdere dette ved synfaringa til sommaren


Det blir lagt opp til ny vegbygging inn til inntakspunktet frå eksisterande skogsveg. Dette er eit nytt inngrep i urørt natur. Vegløyising vil truleg bli eit stort inngrep her.

Sett ut frå sjøaure- og laksebestanden og hensyntaken til å bevare strandlina mest mogleg, kan vi ikkje tilrå eit kraftverk på nedsida av riksvegen. Når det gjeld inntakspunkt og overføringsopplegget, vil vi kome attende til dette under synfaringa. Vi forutsett også ei minstevassføring. Utover dette har vi ikkje vesentlege merknader til søknaden.


Rabbelva kraftverk og Høgseterelva

Det er her fremma to alternative søknader med alternativ A der kraftverka er samla for dei to elvene og alternativ B der kraftverka er fysisk adskilt.

Det blir sagt i søknaden at; «det er en sti et lite stykke frå Rabbelva, men på grunn av det bratte terrenget er ikke elva særlig synlig fra stien». Ja, dette er vel å nedskrive verdien av Molde og Romsdal Turistforening (MRT) sitt rutenett nett her ved elva og elva som viktig naturelement i friluftslivet ! MRT har sitt viktigaste rutenett nett her ved Rabbelva frå Rabben i Grøvdalen opp langs Rabbelva opp til Hoemskaret og ned til Hoemsbu over Eikesdalsvatnet og opp til Reinsvassbu og så inn i Sunndalsfjella/Dovrefjell, alternativt meir nord på Romsdalshalvøya om Svartvassbu, Vassindbu, Måsvassbu og Skorgedalsbu (sjå <http://www.mrtur.no/>).




forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal




Kart over det viktigaste rutenettet til Molde og Romsdal Turistforening (<http://www.mrtur.no>)

Rabbelva, med nedstigning frå Svartvassbu, og Loftdalselva står heilt sentralt i det som fleire meiner er ein av landets finaste turar. Med start frå Måsvassbu, over Vasstindbu, Svartvassbu, ned til Stølen, og opp til Fallebu og innover mot Mardalsbotn og Mardalsfossen. Me finn at turområdet her er viktig i dag og har også eit potensiale til at den kan utvikle seg til å bli meir brukt i framtida. savner en bedre beskrivelse i uttalelsen om hvor viktig denne stien og området er/kan bli. MRT kan godt tenkje seg at dei som forening samlar kreftene og markedsfører stien Skorgedalsbu - Måsvassbu - Vasstindbu - Svartvassbu (og ned langs Rabbelva), og vidare til Isfjorden, opp Loftdalselva, eller over til Hoemsbu på både eit nasjonalt og internasjonalt nivå. Kva andre områder har så god nærheit til både fjordlandskapet og sjøen, og det alpine landskapet med Gjuratinden, Vasstindane, Kyrkjetaket, Klauva m.fleir ruvande over stien? Samtidig som hyttetilgongen er god? Me trur at en slik oppbygging av turtilbodet, og ein felles marknadsføringsfront vil gi vesentleg betre inntekter og livsgrunnlag for levande bygder, enn at noen enkeltpersoner beriker seg på utbygging av fossane våre.

Vi har gått lia der røyr og veg er planlagt ved Rabbelva. Her er det meir alm enn det står om i søknaden. Denne alma har også følgjeartar, som narrepiggsopp. Kartleggingsrapporten for Rabbelva er rett og slett mangelfull. Veg vil bli eit svært kraftig inngrep i denne lia som stadvis er så bratt at ein må halde seg fast, og ein vil ha inngrepet midt i fleisen når ein kjem stien sørafrå.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal




Kart frå Artskart. Små oransje firkantar er artar med NT, for det meste alm og narrepiggsopp. Det er ikkje ei fullstendig kartlegging, men meir stikkprøver. I alt 23 dellokalitetar med alm og 4 med narrepiggsopp. Fleire følgjeartar på alm er påreknlege i dette området. Elles ser det ut til at alm blir oppvurdert til VU på neste raudliste.

Når det gjeld landskapsbildet og synleg elvestreng og foss, utmerker Høgseterelva seg ved at den er den mest iaugefallande av elvane inne i Grøvdalen. Om ein skal samle inntrykka frå naturen i Grøvdalen vil nok mange meine at fossane i Høgseterelva er eit av dei viktigaste elementa sjølv om det er høgspenmaster og hogstfelt der i lia.

Det går ein enkel fotsti frå Kavliheian om Risbrekka til Melkalskaret. I planlegginga av nasjonal sykkelrute mellom Oppdal – Åndalsnes har det kome fram planar om eit traseeval som går over frå Vistdalen om Melkalskaret over til Kavliheian.

Det er naturleg å sjå på den samla belastninga av dei 4 omsøkte kraftverka (Høgseterelva, Rabbelva, Loftdalselva og Morgådalselva) då dei alle ligg i ein avgrensa dal (Grøvdalen) med avstand mellom kraftverka på om lag 5 km. Vidare er det naturleg å sjå på den samla belastninga desse 4 søknadene representerer i høve til allereie gjennomførte vassdragsreguleringar i den umiddelbare nærheit. Vi tenkjer då på Grytten-utbygginga som regulerer vatnet på den andre sida av nedslagsfeltet i aust. Vasskillet går her mellom Haudukvatna som gjer området mellom Soredalen i Grøvdalen og Haudukskardet til eit heilt unikt urørt område. Vi har etter ein heiltheitleg vurdering av den samla belastning av desse søknadene kome til at det er utbygginga av Høgseterelva som den minst skadelege av dei fire



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal


søknadane. Dei andre er uaktuelle etter vår ståstad, til å byggje ut då tidlegare vasskraftutbyggingar i området har teke alt for mykje av naturen allereie.

Ut frå samla belastning, landskapsomsyn, biologisk mangfald, konflikt med turbruk og inngrep i uberørt natur rår vi til at Rabbelva kraftverk ikkje får konsesjon.

Det må bli sett eit krav om at det blir ei minstevassføring i Høgseterelva. Det bør også vurderast om ein her bør ha eit større minstevassføring sommarstid knytt til landskapsbildet. Utover dette har vi ikkje vesentlege merknader til søknaden.


Loftdalselva kraftverk

Stien langs Loftskardselva er ikkje med i rutenettet til turistforeninga. Men det betyr ikkje at stien ikkje er nytta. Stien opp frå Soredalen opp Loftdalen er på lik line med stien opp Saufonnholet og Gluterholet, den vestlege innfallsporten til høgfjellet som strekkjer seg heilt til Dovre (og Sverige). Oppstiginga til det trelause høgfjellet gjer at naturområda der aldri tilgjengeleg for alle (les universiell), men desto meir er denne naturen unik for den som når dit. Dei enkle hyttene som Fallebu og Haudukhytta ligg der og ventar på ein vandringsmann. Vidare innover fjellheimen er dei mange herberga under steinar og hellararar. Om ikkje det var den første soveposen i landet, så var den i hvertfall miljøvenlege dei papirposane frå Isfjorden handelsforening jegarane lå i oppunder desse steinane og venta på reinen.



Ungdomen prøvar hengebrua (foto Martin Gjellestad)

Inngrepet i den skogsette delen av kulturmarka er i beste fall ugrei. Øvre del med røytrase meiner vi er for dårleg kartlagd. Sjølve elvelaupet er også for dårleg kartlagd. Det er alm på både sider her, og det er merkeleg om det ikkje er alm som blir direkte råka av røytrase og vegløyising. På nordsida langt oppe var det svært gode tilhøve for insekt. I ura som førekjem nokre stader i denne høgda er det mykje varme og tørre tilhøve som passer godt. Det er ikkje undersøkt i det heile etter det vi kan sjå.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Det er naturleg å sjå på den samla belastninga av dei 4 omsøkte kraftverka (Høgseterelva, Rabbelva, Loftdalselva og Morgådalselva) då dei alle ligg i ein avgrensa dal (Grøvdalen) med avstand mellom kraftverka på om lag 5 km. Vidare er det naturleg å sjå på den samla belastninga desse 4 søknadene representerer i høve til allereie gjennomførte vassdragsreguleringar i den umiddelbare nærheit. Vi tenkjer då på Grytten-utbygginga som regulerer vatnet på den andre sida av nedslagsfeltet i aust. Vasskillet går her mellom Haudukvatna som gjer området mellom Soredalen i Grøvdalen og Haudukskardet til eit heilt unikt urørt område. Vi har etter ein heiltheitleg vurdering av den samla belastning av desse søknadene kome til at det er utbygginga av Høgseterelva som den minst skadelege av dei fire søknadane. Dei andre er uaktuelle etter vår ståstad, til å byggje ut då tidlegare vasskraftutbyggingar i området har teke alt for mykje av naturen allereie.

Ut frå samla belastning, landskapsomsyn, biologisk mangfald, stort bruk og inngrep i uberørt natur rår vi til at Loftdalselva kraftverk ikkje får konsesjon.


Morgådalselva kraftverk

Det er opplyst i søknaden at ein ikkje veit eksakt kor vandringshinderet er for anadrom laksefisk, men at ein antek at dette ligg ved planlagt kraftstasjon. Vi meiner at det formelt sett er søkaren som må påvise vandringshinderet. Alternativt så kan vi meine noko etter synfaring på staden i sommar. I påvente av synfaring på staden vil vi seie at kraftverket sjølvsagt må leggest på oppsida av vandringshinderet. Det er nemleg pårekneleg at bestanden av sjøauere og laks i Isa-vassdraget er avhengig av at gyte- og oppvekstareala i elva består og Morgådalselva er ein av dei viktige elvene som syter for dette.

Morgodalstindane som ligg søraust i dalen, er eit ynda klatreeldorado (sjå <http://romsdal.com/route.xsp?id=FH8WARZJ>). Denne klatreruta er rekna som ein enkel klatrerute som blir nytta blant anna i Fjellfestivalen. Morgådalen er i dag så uberørt som det er mogleg å få den og eit inngrep i sjanger rørgater, vegar og andre stygge sår i landskapet her vil trekke kvaliteten av naturopplevinga ned. Urørte dalar utan synlege sår av menneskelege inngrep er i dag eit særsyn som går over INON-kategorisering eller andre båsdelingar. Morgådalen er nett ein slik dal, ein del av kongeriket Norge som er urørt og som framleis må vere urørt.

Dei nasjonale INON- definisjonane er lite tilpassa Romsdalsnaturen og Morgådalen. Det er kort veg frå dalbotn til toppane. Difor må vi hegne om dei inngrepsfrie områda på ein særst restriktiv måte. Utbygging av Morgådalen vil redusere INON-området og gå inn i det uberørte området på ein uheldig måte.

Morgådalselva ligg ein 20 min køyretur frå Åndalsnes. Her ligg det eit potensiale til meir bruk for ei større befolkning. Ein ting er bruken no, men kva om 100 år ? Menneska i framtida treng og ein urørt dal å leike seg i framtida.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Det er naturleg å sjå på den samla belastninga av dei 4 omsøkte kraftverka (Høgseterelva, Rabbelva, Loftdalselva og Morgådalselva) då dei alle ligg i ein avgrensa dal (Grøvdalen) med avstand mellom kraftverka på om lag 5 km. Vidare er det naturleg å sjå på den samla belastninga desse 4 søknadene representerer i høve til allereie gjennomførte vassdragsreguleringar i den umiddelbare nærheit. Vi tenkjer då på Grytten-utbygginga som regulerer vatnet på den andre sida av nedslagsfeltet i aust. Vasskillet går her mellom Haudukvatna som gjer området mellom Soredalen i Grøvdelen og Haudukskardet til eit heilt unikt urørt område. Vi har etter ein heiltheitleg vurdering av den samla belastning av desse søknadene kome til at det er utbygginga av Høgseterelva som den minst skadelege av dei fire søknadane. Dei andre er uaktuelle etter vår ståstad, til å byggje ut då tidlegare vasskraftutbyggingar i området har teke alt for mykje av naturen allereie.

Ut frå samla belastning, landskapsomsyn, friluftsliv, biologisk mangfald og inngrep i uberørt natur rår vi til at Morgådalselva kraftverk ikkje får konsesjon. Her er det uaktuelt med avbøtande tiltak i det heile, Morgådalen må få vere i fred.



3D skisse rute til Morgådalsstindan (frå Romsdal.com)



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

NESSET KOMMUNE

Skorga kraftverk

Det er opplyst i søknaden at anadrom laksefisk ikkje går opp i denne elva og at kraftverket er tenkt plassert heilt nede ved sjøen på 5 m.o.h. Vi skulle ønskje at nokon turde å meine noko om kor vandringshinderet frå sjøen ligg. I påvente av synfaring på staden vil vi seie at kraftverket må leggest på oppsida av vandringshinderet. Det er også viktig for oss å ikkje leggje kraftverket i fjøra knytt til bevare strandlina som landskapselement samt å syte for å føre vatnet ut i elvestrengen att.

Rørgata er tenkt plassert vest for elva medan setervegen går på austersida. På austersida er det registrert fleire naturtypar av verdi. Vi meiner det er ideelt sett å samle inngrepa på austersida og difor leggje rørgata på austersida også. Men vi er litt usikre på om dette lar seg gjere knytt til naturverdiane der og om ein då må leggje inntakspunktet lenger ned i vassdraget. Dette kan kanskje avklarast ved synfaring til sommaren.

Det er mykje kulturmarkslokalitetar knytt til dette vassdraget som det er nødvendig å sjå nærare på i juni månad.

Det går ein sti opp frå Skora opp Skorgedalen inn til Grøvelvatnet og ned i Langedalen (i Vistdalen). Denne stien er av lokal interesse.

Det må bli sett vilkår om at kraftverket og utløpet blir flytta ovanfor vandringshinderet for anadrom fisk og at det blir sett ei minstevassføring. Vi er usikre på om rørgata er plassert på rett side av Skorgedalen og om inntakspunktet er det optimale og vil avvente synfaringa før vi meiner noko om dette. Vi er også usikre på store kulturmarksverdiar det er langs vassdraget og vil eventuelt kome attende til dette etter synfaring i sommar.

Strandelva kraftverk

Det er to fossar som er iaugefallande her innst i Eresfjorden, i naboelva Driva og fossen øvst i Strandelva. Dei rinn begge over bart fjell og gjev liv til fjordlandskapet. Elles er Strandelva livleg med sine fossar og stryk og synleg heile vegen frå fjellet ned til fjorden.

Vi trur ikkje det er mykje kvardagsturgåing opp Stranddalen. Men vi veit at klatrarane bruker dette området og at det er opparbeidd ein jernveg (via-ferrata-rute) i området som viser kvaliteten på området.

Det er fire prioriterte naturtypar avgrensa og skildra innanfor influensområdet til dette prosjektet. Det gjeld tre edellauvskogslokalitetar samt ei fosseeng. Vi er her usikre på kor mange andre slike fossesprøytlokalitetar som finns i vår region og kor trua desse er. Vi les at biologane som har levert miljørapporten ikkje kan vise til liknande naturtyper i vår region, og



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

utfrå føre-var-prinsippet må vi difor la lokaliteten vere urørt. Her vil det heller ikkje hjelpe med avbøtande tiltak som minstevassføring eller anna, då vatn i omgjevnadene er avgjerande for det levande i elvedalen langs Strandelva.

Naturtypelokalitetane i området talar høgt om eit dårleg prosjekt. Fråføring av vatn her vil gjere ende på dusjverknaden på området rundt og vere heilt øydeleggende.

Det er ikkje opplyst i søknaden kor langt anadrom laksefisk går opp i denne elva og at kraftverket er tenkt plassert heilt nede ved sjøen. Vi skulle ønskje at nokon turde å meine noko om kor vandringshinderet frå sjøen ligg.

Ut frå landskapsomsyn, biologisk mangfald og inngrep i uberørt natur rår vi til at Strandelva kraftverk ikkje får konsesjon.


Kvidalselva kraftverk

Kvidalselva er ein av vasstrengane i fjellmassivet rundt fjellet Skjorta. Skjorta er eit mykje brukt turmål sommar som vinter med eit eige skirenn (sjå <http://skjortarenn.no/>). Ein av oppstigningane vinterstid for den tek snarvegen opp på Skjorta på 1712 m.o.h. er om Kvivsdalen. I søknaden blir det opplyst at tiltaksområdet er i liten grad brukt til friluftsliv. Dette stemmer dårleg med bildet som Nesset kommune, reiselivsaktørar profilerer knytt til fjellverda i Eresfjorden. Det vil nok regulanten merke om ein får bygd som omsøkt i høve til bruk av anleggsvegen opp i Kvidalen.

Denne elva har spesiell geologi i den forstand at det er mykje utgraving og utrasing langs elva. Dette kan nok by på problem for eit anlegg plassert i og langs elva.

Det blir omtala i søknaden at det moglegvis fins små bekkeare i elva, men at dette er lite truleg. Dette er no å speglvende dei naturgitte tilhøve i kongeriket ved at dei fleste elver (så lenge dei ikkje er i fritt fall) har stasjonær aure.

Det må bli sett vilkår om at inntaket blir lagt utanfor verneområdet og at det blir sett ei minstevassføring. Elles kan det det vere mogleg at vi meiner noko om føring av veg og rørgate etter synfaring. Utover dette har vi ikkje vesentlege merknader til søknaden.




forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Kopi av hovudsida til <http://skjortarennets.no/>

Oppsummering:

Naturvern er blitt redusert til miljøvern, vår fornemning for naturens form og farge er vorte redusert til målbare etterprøvbare analyseverdiar. I hardkjøret for den fornybare og grønne vasskrafta råder abstraksjon grunnen i konsekvensutgreiingane med kvantifisering av biodiversitet, tal trua rødlistearter på ulike trinn og INON-areal i km² som prosent av forekomsten fylkesvis, regionalt eller nasjonalt. På den måten blir det sjeldenhetsverdien som tel, ikkje eigenverdien. Friluftsliv er enno eit framandord (ofte omtala som bær og sopp?) og kan ikkje målast med tomrestokken. Vi har likevel gjennom dette dokumentet prøvd å verdsette naturen og folks oppleving av naturen og vege desse opp mot samfunnets behov for kraft. Då har vi naturen til våre barnebarns barn i tankane, og meiner at meir av vassdragsnaturen kan ikkje vår generasjon ta for seg av.

*For pengar kann ein få alt, heiter det.
Nei, ein kann ikkje det.
Ein kann kjøpa seg mat, men ikkje mathug,
dropar, men ikkje helsa
mjuke senger, men ikkje svevn,
lærdom, men ikkje vit,
stas, men ikkje venleik,
glans, men ikkje hygge,
moro, men ikkje gleda,
kameratar, men ikkje venskap,
tenarar, men ikkje truskap,*



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

*gråe hår, men ikkje æra,
rolege dagar, men ikkje fred.*

*Skalet av alle ting kann ein få for pengar.
Men ikkje kjernen; den er ikkje for pengar fal.*

(Sitat Arne Garborg, *Um pengar* -1920)

Helsing

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi
Nesset kommune
Rauma kommune
Fylkesmannen
Fylkeskommunen